

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: *Sør-Trøndelag*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Malvik*Emne: *Transport av høy*Bygdelag: *Malvik*Oppskr. av: *Johan Tapper*Gard: *Vollan*(adresse): *Vikhamar*G.nr. *24* Br.nr. *2*
*Oppskrifta er etter eiga røynsk
og overlevering!*

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Graset vart slegd med hia, var det smalt gras, vart det breidd. (kastet utover) Og når det vart lurt oppå, vart det rørt (smidd) og så vart det, ruka. (= sata) Så vart rukan utkasta så snart det vart godver og lurka for godt.

Var graset langt vart det opphengt i hesja, som besto av stenger og boka. Seinare vart det fæng. Høyet vart kjemt, og lagt på høysla! (høyslide)

En høyleiam skulle fylle eit rivskaffet og skulle skjola karun som bar. Det skulle vera 11 & 12, kjemmar på lasset. Eitt lass vart rekna for 10 væg (180 kg) Det det var 2 hestar, vart sett to hestar for lasset. Ellst var det berre ein hest.

Som oftast var det mange høystara (slider) på gardane. Når det var høyer vart gardsplassan køyrd full med høylas. Så var det at å fa til med å ha inn høyet eller endt høyring. Det kunne vare til klokka 10 til 11 om kvellen.

I høring 1880 kom dei første stamasteinane. Dei vart fætt i brukt meir og meir, og i

1900 hadde dei slåmaskin på dei fleste gardane.
 I kring 1890 kom dei fyrste hjulriver, kring
 1905 kom slepriva. Kom fekte ei snøgg
 utbredelse.

I år 1887 var sumaren ualminnelig blaut,
 så det var uråd og førte grasen på bakken.
 Da måtte alt gras hesjast, så det vart
 ikkje lang ei få kjøpt. Da kom jarnfråden
 til hjelp. I frå den tid fekte jarnfråden ein
 rask utbredelse. Og ifrå 1896 åra vart hesjing ein
 alminnelig høybergingsmåte.

I kring 1880 vart høyståen avløyst av hovogna
 (langvogn). Den vart brukt til høykjøring på
 nokre av gardane litt før den tid, og seinare,
 tatt i bruk på dei andre.

I førstninga vart høyet kjønt og lagt på
 vogna. På same måten som det vart brukt
 på høstleden, når tasset var fullt, vart
 det sette fast med eit taugegreip, som vart
 redd under vogna bakant i frå, tatt opp
 mellom vogna og hesten, og lagt rett over
 tasset.

Seinare vart det gjort til fire grunder som
 vart sett på vogna. I framme, ei bak, og
 ei på kvar side. Høyet vart tatt med gafler.
 Frå hesja vart det tatt med hendene i først-
 ninga, no vart brukt gafler. I vogna var det
 ein til og frampe. Høygrinman er seinare
 vorte ombytta med ei grind for og ei bak
 med ei stong over tasset. Firehjulsvogner bruktes
 berre på nokre få store gardar.

Høyvogna med grunn frammanfor og bak
 er komen sidan det vart lang kløver og
 timoteihøy.

Slusmennene og dei som ingen hest hadde, brukte bærestaurer på to meters lengde. Staurane vart lagde med høveleg millomrom, så vart høyt kjunt og lagt på stauran. Det var ein frammanfor og ein bak til å bera. Til å bera künde det vera mann og kona, eller om det var så store born, så künde det vera mannen og det største barn som bar. Var mannen borte, så var det kona og det største barn som bar. Det künde også vera dei største borna som bar, den breikaste gjekte fyrst.

Var tilhøva slike at det var berre ein til å bera, vart det brukt fæg eller trillbør. Fæget vart lagt dobbelt på jorda med høveleg rom emillom fægindane. Så vart høyt kjunt, og lagt over fæget. Når bora var høveleg stor, vart fægindane tekne gjennom fægglutkja og drege åt, slike at høyt vart pressa saman. Så vart fæget tatt over aksla. Var det nokon til å hjelpa, tok den tak i bora attafor, og hjelpte han som bar, så han kom seg opp og fekk bora på ryggen. Høytrillbora var lengre enn ei vanleg trillbør, og forutan (vanga) (karn)

Markaslått er næsten ukjend her i bygda. Berre nokre få småbruk, markabruk, har dreve markaslått. Det vart stakka i marka. Stakken besto av kjemmer som vart lagt i saman til ein liten stakke. Det vart høyrd heim på vinterføre, når det hörde deint best. Det er slått for ein 30-40 år sidan. Utslått. (Slått på udyrka jord i gjerdet) har det vore ein del av. Det vart slått for ein

30 år sidan med det også, men på einstakle
avsides gardar, har det vart heilt til no.
Det graset vart og kjemt, og bore fram, på
gjerdet. &

Det det var for bratt, eller så langt, så ein
ikkje kunde koma til med hest, vart det
hogge ned eit par lange kjer, enten osp, rogn
eller selje. Graset eller høyet vart lagt på to
kjer og dragt fram til eit høveleg sted. Det
er slutt på det og no.

~~Det det var for bratt, eller så langt, så ein~~

Før slepriva kom var brukt riv. Med
riva „håkkå“ dei graset saman i høveleg
store „kjemma“. Dei bar dei på hesja
med hendene. Var graset lynt, vart det
langt å bera kjemmen.


No vart graset høyet attåt hesja med
slepriva, og hengt i hesja med gaffel.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM


BYGDØY

89



Hesjing i gamle dagar.

A = Kraka. B = Stenger. C = Stö-staur.



Höystskide.